

SYNS- OG AUDIOPEDAGOGISK TENESTE I HORDALAND (SAPT)

Årsmelding 2016

Årsplan 2017



Syns- og Audiopedagogisk Teneste

Adresse: Møllendalsveien 1A, 5009 Bergen
Sentralbord: 53 03 72 50
E-post: synogaudio@bergen.kommune.no
Heimeside: www.bergensskolen.no/synogaudio

ÅRSMELDING SYNS- OG AUDIOPEDAGOGISK TENESTE I HORDALAND 2016

Fakta om tenesta

Oppdraget til SAPT er nedfeldt i samarbeidsavtale mellom kommunar i Hordaland og Hordaland fylkeskommune gjeldande frå 01.01.2013 – 31.12.2016.

SAPT skal sikra kommunane og fylkeskommunen tenester innan syn/hørsel der desse ikkje har tilstrekkeleg fagleg kompetanse sjølv.

Tenesta er finansiert gjennom eit interkommunalt samarbeid mellom dei 33 kommunane i fylket og Hordaland fylkeskommune. Arbeidsgjevar (vertskommune) for tenesta er Bergen kommune.

Tenesta er ei eining innanfor Byrådsavdeling for Barnehage, Skole og Idrett, og frå 1.august 2015 organisatorisk plassert i Seksjon for spesialpedagogiske tenester i Bergen kommune.

Tenesta har eit eige styre der eigarane, brukarorganisasjonar og dei tilsette er representerte. Kommunane sine representantar var i 2016 frå høvesvis Fjell og Bømlo. Styreleiar er frå vertskommunen.

Brutto utgifter i 2016 : 11.325.000

Tal på tilsette :14

Tal på årsverk:13

Tenesta har kontorlokale i Møllendalsveien 1 a i Bergen og på Stord i Borggata 26. (lokalet på Stord er sporadisk i bruk). Alle førespurnader skal gjerast til sentralbord i Bergen.

Utviklingstrekk innanfor resultateininga sine tenester i 2016

Tenesta har stått for utgreiing/kartlegging av tilmelde brukarar som har rettar etter Opplæringslova og Lov om folketrygd. Det er gjeve råd og rettleiing til brukarar, føresette, lokalt hjelpeapparat, pedagogar og anna personale i barnehagar og skular, helsepersonale ,arbeidsgjevarar o.a. Tenesta har hatt innlegg på kurs og samlingar.

Ein ser at tilmelding av vaksne brukarar er aukande.

SAPT har i 2016 gitt tenester til brukarar tilpassa personaldisposisjonar og økonomiske ressursar som er til rådvelde.

Arbeidet omfatta også bistand til PPT og OT/PPT med fagkunnige uttaler i samband med sakkunnig vurdering i saker som gjeld syns- og hørselsproblematikk .

Resultateininga sine hovudmål/satsingsområder i 2016

Hovudmåla er både system- og brukarretta.

Dei systemretta hovudmåla er arbeid knytt til nettverksarbeid, samarbeidsrutinar med andre faglege instansar og etatar, informasjon og kurs. Hovudmåla for brukarretta tiltak er å bidra til at barn, unge, vaksne, eldre og deira nettverk får ei god fagleg vurdering, rettleiing og oppfølging.

2016 har vore prega av å vidareføra oppdraget vårt nedfeldt i avtalen mellom oppdragsgjevarane våre, men hatt fokus på framtida gjennom arbeid med revidering av avtalen gjeldande frå årsskiftet 2016/2017.

I 2016 sette styret i SAPT ned ei arbeidsgruppe som reviderte den gjeldande avtalen mellom kommunane og fylkeskommunen. Gruppa var samansett av oppdragsgjevarane frå to kommunar og vertskommunen, ein representant frå fylkeskommunen og tre representantar frå dei tilsette i SAPT. Arbeidet bestod i å gjennomgå den eksisterande avtalen, føreslå revidert avtale og beskriva nærare grensesnitt mellom SAPT og aktuelle samarbeidspartnarar. Det var også fokus på å gjera tydeleg kva for oppgåver SAPT skal utføra for oppdragsgjevarane i framtida.

Avtalen vart godkjend før utgangen av 2016.

I dette arbeidet har det også vore fokus på utvikling av ein lærande organisasjon; utvikla kompetanse og fleksibilitet i arbeidsmåtar og organiseringsformer. Arbeidet har også vore omfatta av videreføring og vedlikehald av arbeidet med verdiar nedfelte i Bergen Kommune sin HR strategi; KÅPE, og implementering av SAPT si eiga verdiplattform knytt til kvalitetsutviklingsarbeidet i BBSI »Kollektiv kapasitet». Dette er prosessarbeid som vert ført vidare i personalgruppa.

Samarbeid/nettverk/målgrupper

Tenesta ynskjer å bidra til eit best mogeleg samarbeid med aktuelle aktørar. Me har eit omfattande samarbeid med ei stor mengd faggrupper, ulike institusjonar, skular/barnehagar, helseføretak, interesseorganisasjonar, kommunal helse- og sosialteneste, kompetansesentra, arbeidsgjevarar, utstyrsleverandørar, hjelpemiddelsentral, samt føresette, brukarar og kommunane.

Målgrupper er personar med dokumenterte syns/hørselstap med rett til opplæring etter gjeldande lov- og regelverk; Opplæringslova, samt hjelpemiddel etter Lov om folketrygd .

Alle som har eit reelt hørsels-/synstap, kan få hjelp frå tenesta; dokumentasjon er epikrise frå spesialist. I utgangspunktet vert det ikkje stilt noko krav til kven som kan søkja om bistand frå tenesta. Alle, også brukaren sjølv, kan ta kontakt med tenesta for bistand.

Helse miljø og tryggleik

Tenesta har utarbeidd «Helse, miljø og sikkerhetshåndbok for Syns- og Audiopedagogisk Teneste i Hordaland (SAPT) Arbeidsmiljølov og forskrift om systematisk HMS-arbeid». Den er i tråd med retningslinjer for Bergen kommune og tilpassa SAPT. Beredskapsplan for SAPT er under utarbeiding etter mal frå Bergen kommune.

OVERSIKT OVER BRUKARANE

Brukarane av *audiopedagogisk teneste* fordelte på kommunar og alder

Alder/ Kommune	0-2 år	3-5 år	6-9 år	10-12 år	13-15 år	16-18 år	19-66 år	+ 67 år	Sum	Innbyggjarar pr 31.12.16	Andel h.h i %
Askøy	0	4	10	8	10	7	25	17	81	28 821	0,3
Austevoll	0	1	5	2	1	5	10	4	28	5 156	0,5
Austrheim	0	0	0	1	4	1	2	1	9	2 884	0,3
Bergen	4	11	45	52	91	60	439	361	1063	278 556	0,4
Bømlo	0	1	2	1	6	9	22	7	48	11 806	0,4
Eidfjord	0	0	2	1	0	0	1	1	5	921	0,5
Etne	0	1	0	0	0	2	4	3	10	4 135	0,2
Fedje	0	0	0	0	0	0	0	0	0	587	0,0
Fitjar	0	0	1	0	3	2	6	2	14	3 189	0,4
Fjell	1	1	4	5	9	11	39	21	91	25 204	0,4
Fusa	0	0	0	2	1	1	5	6	15	3 895	0,4
Granvin	0	0	0	0	0	1	3	4	8	933	0,9
Jondal	0	0	0	0	0	0	1	1	2	1 108	0,2
Kvam	1	1	2	3	2	2	17	12	40	8 423	0,5
Kvinnherad	1	1	3	2	4	7	18	14	50	13 241	0,4
Lindås	0	2	4	3	5	10	34	10	68	15 731	0,4
Masfjorden	0	0	0	2	2	2	3	1	10	1 710	0,6
Meland	0	1	1	2	5	3	9	1	22	8 021	0,3
Modalen	0	0	0	0	0	0	1	0	1	383	0,3
Odda	0	0	1	1	3	3	9	4	21	7 025	0,3
Os	0	3	2	2	8	4	22	27	68	20 152	0,3
Osterøy	0	0	0	0	3	2	11	13	29	8 026	0,4
Radøy	1	0	3	4	0	3	10	2	23	5 128	0,4
Samnanger	0	0	2	0	0	0	3	3	8	2 488	0,3
Stord	0	4	7	5	6	10	37	24	93	18 821	0,5
Sund	0	0	3	2	7	3	9	3	27	7 058	0,4
Sveio	0	0	2	0	4	0	10	7	23	5 656	0,4
Tysnes	0	0	0	1	6	2	9	1	19	2 847	0,7
Ullensvang	0	0	2	0	1	0	11	8	22	3 377	0,7
Ulvik	0	0	0	0		1	4	3	8	1 131	0,7
Vaksdal	0	0	0	0	0	1	3	11	15	4 123	0,4
Voss	0	0	10	3	3	2	30	48	96	14 514	0,7
Øygarden	0	1	1	2	1	3	7	4	19	4 913	0,4
Sum	8	32	112	104	185	157	814	624	2036	516 497	0,4
Prosent	0,8	1,4	5,5	7,2	9,6	9,8	34,6	31,5	100		

Audiopedagogisk teneste registrerte 244 nye melde brukarar i 2016. 74 saker vart avslutta ved utgangen av året.

Brukarar av synspedagogisk teneste fordelte på kommunar og alder

Alder/	0-2 år	3-5 år	6-9 år	10-12 år	13-15 år	16-19 år	20-67 år	+67 år	Sum	Innbyggjarar pr 31.12.16	Andel synsh. i %
Kommune											
Askøy	2	3	4	9	3	3	44	131	155	28 821	0,5
Austevoll	0	1	0	1	2	0	16	23	43	5 156	0,8
Austrheim	0	0	0	0	0	0	4	8	12	2 884	0,4
Bergen	10	13	34	40	28	25	429	1144	1723	278 556	0,6
Bømlo	0	0	0	0	0	0	16	45	61	11 806	0,5
Eidfjord	0	0	0	0	0	0	1	10	11	921	1,2
Etne	0	0	0	0	0	0	5	11	16	4 135	0,4
Fedje	0	0	0	0	0	0	0	5	5	587	0,9
Fitjar	0	1	0	0	0	0	0	11	12	3 189	0,4
Fjell	0	2	10	3	3	4	33	65	120	25 204	0,5
Fusa	0	0	1	0	0	3	6	15	25	3 895	0,6
Granvin	0	0	0	0	1	0	1	14	16	933	1,7
Jondal	0	0	0	0	0	0	0	5	5	1 108	0,5
Kvam	0	1	1	1	1	2	17	42	65	8 423	0,8
Kvinnherad	0	1	0	2	1	0	16	67	87	13 241	0,7
Lindås	0	1	4	2	1	1	20	78	107	15 731	0,7
Masfjorden	0	0	0	0	0	1	4	8	13	1 710	0,8
Meland	0	0	0	2	1	0	17	21	41	8 021	0,5
Modalen	0	0	0	0	0	0	1	1	2	383	0,5
Odda	0	0	2	1	5	2	17	67	94	7 025	1,3
Os	0	1	2	2	5	4	20	47	81	20 152	0,4
Osterøy	0	1	1	1	2	0	6	31	42	8 026	0,5
Radøy	0	0	0	0	2	0	7	30	39	5 128	0,8
Samnanger	0	0	0	0	2	0	2	9	13	2 488	0,5
Stord	2	2	1	1	1	2	37	69	115	18 821	0,6
Sund	0	1	2	1	2	0	9	12	27	7 058	0,4
Sveio	0	0	0	0	1	0	9	12	22	5 656	0,4
Tysnes	0	0	0	0	0	0	0	18	18	2 847	0,6
Ullensvang	0	0	0	0	0	1	5	22	28	3 377	0,8
Ulvik	0	0	0	0	0	0	2	7	9	1 131	0,8
Vaksdal	0	0	2	0	1	0	7	24	34	4 123	0,8
Voss	0	2	2	1	4	6	25	110	150	14 514	1,0
Øygarden	0	1	1	0	2	2	5	16	27	4 913	0,5
Sum	14	31	67	67	68	56	781	2179	3219	516 497	0,6
Prosent	0,5	0,9	2,6	2,0	1,9	1,8	23,9	66,6	100,0		

Synspedagogtenesta registrerte 306 nye brukarar i år 2016. 323 saker vart avslutta ved utgangen av året

Brukarane av *audiopedagogisk teneste* fordelte etter kategori

Tekst	Tal	Prosent
Døve (1)	195	10
Sterkt tunghørt (2)	474	23
Moderat tunghørt (3)	714	35
Lett tunghørt (4)	264	13
Einsidig tap (5)	166	8
Variabelt tap (6)	119	6
Døvblind (7)	12	1
Hørselshemma m/tilleggsvanskar(8)	33	2
Anna (9)	56	4
Sum	2036	100 %

Brukarane av audiopedagogisk teneste er i hovudsak personar som har større enn 20dB hørseltap.

Brukarane av *synspedagogisk teneste* fordelte etter kategori som er definert av WHO

Tekst	Tal	Prosent
0 Mild/inga synssvekking	968	29
1 Moderat synssvekking	1630	51
2 Alvorlig synssvekking	180	6
3 Blind	110	3
4 Blind	69	2
5 Blind	50	2
8 Multivanskar	83	2
9 Anna	128	3
Sum	3219	100 %

Brukarane av **synspedagogisk teneste** er i hovudsak synshemma etter WHO-kategoriseringa ICD10 (medisinsk diagnose) der synsstyrke (visus mindre enn 0,3) og synsfelt inngår som kriterium. Nytt kriterium i ny avtale (visus mindre enn 1,0).

ÅRSPLAN 2017

Kommunane i Hordaland og Hordaland fylkeskommune inngjekk innan utgangen av 2016 ein revidert avtale om Syns- og Audiopedagogisk Teneste (SAPT) gjeldande frå 01.01.2017.

Satsingsområde 2017

- SAPT er ei resultatdeling under byrådsavdeling for barnehage, skole og idrett (BBSI) og inngår i Seksjon for spesialpedagogiske tjenester.
Grunnlaget for denne organiseringa er nedfelt i « Saman for kvalitet- Spesialpedagogisk plan 2014-2024» som blei vedteken i Bergen byråd 2014. I grunngevinga heiter det : « en samling av hele det spesialpedagogiske feltet vil kunne gi bedre utnyttelse- og utvikling av samlet kompetanse på feltet og bidra til å utvikle samhandlingen mellom skole/barnehage og støtte/rådgivningsfunksjonene»
Det er starta arbeid med å finne ut korleis vi kan samhandle innan seksjonen . Dette vil føregå både eksternt og internt i SAPT.
- SAPT har som mål å sikra oppdragsgjevarane best mogeleg informasjon om kva for tenester SAPT kan tilby. Gjennom samhandling med oppdragsgjevarane vil tenesta arbeida for lokal forankring i brukarsaker.
- SAPT skal aktivt arbeide for å fremme kunnskap og kompetanse knytta til ulike syns- og hørselstap gjennom nettverk og informasjon retta ut mot kommunane, fylkeskommunen og andre samarbeidspartnarar. I dialog med oppdragsgjevarane vil det verta laga ein plan for dette arbeidet.
- SAPT skal samarbeida med Statped vest, spesialisthelsetenesta, og NAV – Hjelpemiddelsentral etter klare samhandlings- og rutinebeskrivelsar. Arbeidet vert initiert av SAPT og er sett i gang.
- Andre aktuelle samarbeidspartnarar vil verta inviterte til SAPT for gjensidig informasjon og erfaringsutveksling.
- Kompetanseheving med vekt på rettleiarrolla vil inngå som eit felles satsingsområde for alle tilsette.
- Faggruppene vil vurdere behov for kompetanseheving innanfor sine fagfelt.
- Revidering av SAPT si Plattform (konkretisering av arbeidsoppgaver) .

Dei tilsette vidarefører arbeidet med verdiar nedfelt i Bergen kommune sin HR strategi; KÅPE (Kompetent, Åpen, Pålitelig, samfunnsEngasjert) og implementering av SAPT si eiga verdiplattform i internt og eksternt arbeid. Arbeidet vert knytt opp mot kvalitetsutviklingsarbeidet i BBS, kollektiv kapasitet .

VERDIPLATTFORM :

- SAPT sine tjenester skal kjennetegnes ved god kvalitet og høy faglig kompetanse i et tverrfaglig samarbeid som kommer tjenestens brukere til gode
- SAPT skal være en inkluderende arbeidsplass der alle medarbeidere lojalt bidrar til å virkeliggjøre tjenestens visjoner, mål og verdier
- SAPT skal arbeide i et langsiktig perspektiv, og bidra til at syns- og hørselshemmede inkluderes som likeverdige deltakere i samfunnet

Internt HMS- arbeid

Tenesta arbeider for at fysiske og trivselsmessige forhold er ivaretatt på best moglege vis:

- Arbeidsmiljøgruppe
- Medarbeidarsamtalar
- Medarbeidarundersøking
- Vernerundar
- Nærværsarbeid
- IA - arbeid
- Dialogmøter
- Personalsamlingar/Sosialt samvær